

# Informasjon til elevar på Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag 2018/2019

**Programfaga og Yrkesfagleg fordjuping** har undervisning både inne og ute i løpet av heile skuleåret. Difor er det viktig at du tar med deg fylgjande utstyr og har dette på Sygna heile skuleåret:

Vindtette klede	Superundertøy eller liknande	Fjellsko, støvlar
Regnkle	Liggeunderlag	Sovepose
Tursekk	Ev. kniv	Lommelykt/hovudlykt
Hovudplagg	Hanskar/vottar	

## Yrkesfagleg fordjuping

I samband med faget **Yrkesfagleg fordjuping** ynskjer vi at du som elev på Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag skal få god innsikt i, kunnskap om, og erfaring knytt til det å vera barne- og ungdomsarbeidar.

Faget omfattar både planlegging/førebuing på skulen i tillegg til seks skuleveker i bolkar. I desse seks vekene er planen at du skal vere ute i arbeidslivet. Du som elev får ansvar for å kontakte arbeidsstadar og skaffe deg ein stad for utplassering. Fyrste utplassering vil truleg verte i oktober/november. Det vil difor vere lurt å tenkje på kor du ynskjer utplasseringa allereie før skulestart. Ta gjerne kontakt med aktuelle arbeidsstadar før skulestart. I løpet av dei seks vekene må du ha praksis som dekkjer fleire aldersgrupper mellom 0-18 år.

## Aktuelle arbeidsstadar i dette faget kan vera fylgjande:

- Barnehage (Barne- og ungdomsarbeidar)
- Skulefritidsordning (SFO) (Barne- og ungdomsarbeidar)
- Barneskule (Småtrinnet) (Barne- og ungdomsarbeid)

Vi viser og til internettsida [www.vilbli.no](http://www.vilbli.no), (vel Utdanningsprogram (grøn rute) og Vg1 Helse- og oppvekstfag og vidare Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag). Der du finn oversikt over kva du kan oppnå etter å ha gått barne- og ungdomsarbeidarfag.

## Viss du får avtale for utplassering på ein arbeidsstad, er det viktig at du noterer ned opplysningar om fylgjande:

- Arbeidsstad (namn)
- Adresse til arbeidsstaden
- Kontaktperson ved arbeidsstaden
- E-post adresse og telefon til kontaktperson
- Dei fleste elevar vil trenge politiattest for å få lov til å vere i praksis. Spør arbeidsplassen om dei krev at du legg fram politiattest. Sidan attesten har avgrensa gyldighet, kan du ev. bestille attesten seinare.

**Velkommen til 2BU!**